

Statens vegvesen

Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

30.09.2016

Telefon

+47 56 57 00 70

Fax

+47 56 57 00 71

E-postadresse

post@abo-ark.no

Webadresse

www.abo-ark.no

Postadresse

Postboks 291, 5203 Os

Besøksadresse

Hamnevegen 53, 5200 Os

MELAND KOMMUNE, DETALJREGULERING FOR LANGELAND B5, GNR. 24, BNR. 7, 90 M.FL.

REKKJEFØLGJEKRAV OM ETABLERING AV TILBOD FOR GÅANDE OG SYKLANDE LANGS FV 244 SAGSTADVEGEN

Det vert vist til uttale frå Statens vegvesen datert 17.03.2016 i samband med oppstart av planarbeid for Langeland B5. Vidare vert det vist til vår synfaring og møte med Statens vegvesen v/Marianne Skulstad og Meland kommune v/Anny Bastesen, Ingrid Raniseth og Kristin Nåmdal 14.09.2016. Tema for møtet gjaldt vegvesenet sitt innspel til planarbeidet.

Vegvesen peika i sin uttale til oppstart på at planområdet burde utvidast til og å omfatte fv. 244 frå kryss med Fosseskarvegen til kryss med fv. 564 på Frekhaug. De sette vidare krav om etablering av tilbod for gåande og syklande langs fv. 244 Sagstadvegen før bustadområdet kan byggjast ut.

Regulering av fylkesveg 244

På møtet kunne vegvesen opplyse om at de sjølv vil gjennomføre regulering av fv. 244. Denne vegstrekninga vil inngå i reguleringsplanen for krysset til Frekhaug senter. Vi synast det er svært positivt at vegvesenet vil starte opp planarbeid for denne vegstrekninga.

Rekkjefølgjekrav om etablering av tilbod for gåande og syklande langs fv. 244 Sagstadvegen

Når det gjaldt trafikksikring av Sagstadvegen med tilbod til gåande og syklande, var signalet frå vegvesenet sin representant at de ikkje kunne tillate auka bruk av vegen før tilbod til gåande og syklande er på plass.

I referatet frå oppstartsmøte med Meland kommune står det at tal bueiningar er estimert til 200. Dette er ikkje korrekt og er påpeika til kommunen. Det nye planforslaget tek utgangspunkt i 18 einestader og kring 50 bueiningar i terrassehus/blokk. I eksisterande bustadfelt på Langeland er det om lag 30 bueiningar. Til saman vert dette ca. 100 bueiningar når alt er bygd ut.

Planområdet på Langeland ligg på naboeigedomen til både Sagstad skule og idrettsanlegget til Meland Aktiv. Her finst det og busstopp med fleire daglege rutar til både Knarvik og Bergen. Bustadfeltet vil soleis ha ei ideell lokalisering for barnefamiliar. Frå skulen går Bustølvegen fram til senterområdet på Frekhaug. Delar av denne vegen er skilta som gang- og sykkelveg og resten er ein lite trafikkert veg til nokre bustadeigedomar. Bustølvegen kryssar fv. 564 Rosslandsvegen med gangbru. Vegen vert allereie nytta som skuleveg for born som bur sørvest for skulen.

Tiltakshavar ser positivt på etablering av tilbod for gåande og syklende i Sagstadvegen, men meiner foreslått rekkjefølgjekrav er urimeleg å knytte til eit bustadfelt som har ei svært god lokalisering i høve til skule og idrettsanlegg og har ei trafiksikker alternativ veg til Frekhaug senter. Tiltakshavar opplever stor interesse for ønskje om kjøp av einebustadtomter på Langeland. Eit slikt rekkjefølgjekrav vil setje ein stoppar for vidare bustadbygging i området. Det vil ikkje vere økonomisk berekraftig å gjennomføre for tiltakshavar. Vi vil difor oppmode Statens vegvesen om å vurdere ei differensiering av rekkjefølgjekravet, der det kan tillatast å etablere einebustadane utan krav om bygging av gang- og sykkelveg langs Sagstadvegen, men at kravet slår inn i forhold til terrasse- og blokkutbygginga.

Behovet for trafiksikring av Sagstadvegen er og generert av utviklinga av skulen og idrettsanlegget. Tiltakshavar håpar difor at trafiksikring av Sagstadvegen kan knytast opp til arbeidet med nytt kryss på fv. 564 til Frekhaug senter og at dette prosjektet får prioritet og tilstrekkelege midlar gjennom Nordhordlandspakken.

Med bakgrunn i dette vil vi be om at Statens vegvesen teke i ny vurdering av rekkjefølgjekravet.

Med helsing

ABO Plan & Arkitektur AS



Merete Lunde

Vedlegg: Kart som viser lokalisering av planområdet i forhold til Bustølvegen.

Kopi: Meland kommune, Plan, utbygging og kommunalteknikk

Meland kommune, Detaljregulering for Langeland B5, gnr. 24, bnr. 7, 90 m.fl.

